

Kyrkjeblad for Fjaler

NR.3 DESEMBER 2024

82. ÅRGANG

God jul!

Fredsfyrsten

Eg hugsar første gongen
eg feira jul langt heimafrå.
Alle dei gode julekjenslene
var borte. Eg lengta tilbake
til julefeiringa slik den skulle
vere. Den gode julematen.
Den fine julepynten. Treet
som lyste i stova. Pakkane
som låg under treet. Heime
med levande lys sat vi til
bords og kjente at vi levde
og at vi hørde saman.

Så song vi «Eg er så glad
kvar julekveld – for då blei
Jesus fødd.»

Som Jesus, blei også du og
eg fødd ein gong.
Barnet vaknar, og opp gjennom barndomen opplever
eg: Himmelten er blå, sola er varm. Blomstene er vakre.
Kyrkjeklokker, kveldsbøn, julestemning og Jesusbilete.

Så blir eg eit vakse menneske.
Barndomens rike glir bort, og dermed fell også Guds
rike litt i stykke.
Jesus er blitt kristendom, ord og dogme.

Eg gret og eg ler.
Det er det livet handlar aller mest om. Det er dei to
viktigaste kjenslene.
Eg jublar og eg fortvilar.

I blant faldar eg hendene mine mine
Kanskje eg nemner for Gud min klage og mi takk.

Eg tykkjer vi er heldige i Fjaler. Bygda er i grunnen den
beste staden å feire jul. Her kjenner vi kvarandre og
bryr oss om kvarandre. Det er noko fint å eige forventin-
ga til noko kjent. Og på julegudstenesta kjem den same
forteljinga som sist; juleevangeliet.

Så syng vi «Deilig er jorden», medan noko varmt rislar
gjennom kropp og sjel. Salmen gjer oss igjen til ein
syskenflokk som står tett saman, og viser at vi bryr oss.

Vi behøver eigentleg jula. Fordi vi er menneske som frys
iblant. Vi veit kva mørke er, og død.

Leonard Cohen har skrive:
Ring the bells that still can ring
Forget your perfect offering



There is a crack in everything
That's how the light gets in

Jula er som bitar av eit knust spegel, ein gong halden
over Jesus julenatt. I jula ser vi på nytt i nokre av spege-
lbokane og veit at ord som Gud og Himmel og Fred og
Glede også hører med i vårt skjøre liv.

På barneskulen pleide vi å lese denne bibelteksten:
Det folket som går i mørkret,
ser eit stort lys.
Over dei som bur
i dødsskuggens land,
strålar lyset fram.
For eit barn er oss fødd,
ein son er oss gjeven.
Herreveldet er lagt på hans skulder.
Han har fått namnet
Underfull rådgjevar, Veldig Gud,
Evig Far, Fredsfyrste. (Jes9,2.6.)

Så er vi ikkje unrealistiske drøymarar når vi syng frå
djupet av vår lengt:
«Fred over jorden,
menneske, fryd deg!
Oss er en evig Frelser født!»

Lat jula sine tradisjonar og kulissar ikkje lenger skjule
Han, men omkranse Han: Slepp inn lyset gjennom
sprekkene. Så han kan skine.

God jul!

Knut Arne Kummeneje

Julekonsert i Dale kyrkje med Julesong - måndag 2. desember kl. 18.00

Julekonsert med Einar Bolstad, Kari Malmanger og Gunn Kvåle



Dei ni siste åra har Julesong hatt fulle hus på konsertar rundt om i Sogn og fjordane.

I år er songarane i Julesong tilbake saman med erfarte musikarar som Inge Ronny Kvåle på strengeinstrument, Bjørn

Tore Årøy på tangentar, Gjest Kvåle på gitar, John Børge Askeland på bass, og Trond Øyre med lyd- og lysdesign.

Konsertane som garanterer julestemning og gåsehud er sett saman av songar som høver til advents- og førjulstida.

Kremlaget som dannar "Julesong 2024" vil dei fleste kjenna att frå konsertane i åra før, og frå tidlegare julekonsertar og andre framsyningar i Sogn og fjordane dei siste åra. Og ikkje minst TV-programmet "NRK Julelutt" som vart vist på NRK1 på julafesta 2014.

Einar, kjend frå m.a. Folk Flest, syng mange av dei største juleklassikarane, medan Gunn Marit syng nokre av dei mest kjende nye julesongane, og sin eigen julesong "Heim til deg" - som vert spelt mykje på NRK P1 nasjonalt i førjulstida/jula! Kari vil mellom anna bidra med tradisjonsstoff frå folkemusikk og salmar. Saman framfører dei og duettar og andre songar, som gir lys og varme i den mørke desembertida.

Set av kvelden slik at du kjem i julestemning i år du òg!

Billetsal på <https://julesong.no/>

Julekonsertar

Konsert med Førde kammerkor i Dale kyrkje søndag 8. desember kl. 17.00



Julekonsert med Førde kammerkor. Ave Maria med fokus på Mariamusikk. Dirigent: Asbjørn Flåm. Solist: sopran Helen Tyssekvam. Piano: Noemi Utasi. Billetsal ved inngang.



Julekonsert i Guddal kyrkje søndag 15. desember kl. 19.30

Merk tidspunktet – vi håper alle guddelingane vil vere ferdig i fjøsen og kan oppleve Mark sin 30-årsjubileumskonsert i og for folk i Guddal. Konserten blir kombinert med ein julekonsert – vi får synga våre kjære julesongar som allsong og høyre korssong v/ Guddalskoret. Det er lenger sidan siste konserten i Guddal – vi forventar eit stort innrykk av innbyggjarar som vil nyte ei fin førjulsstund i vår vesle kyrkje. Kollekt til Fond for Kyrkjemusikk. Vel møtt!

Den store julekonserten i Dale kyrkje tysdag 17. desember kl. 19.00

Vel møtt til den store julekonserten med Cantus, Dale Musikkorps, Dalsfjorden Spelemannslag, Dekor, kulturskulen, Ungdomskoret og sopransolisten Anne Marte Ospedal Haugen. 90 minuttar med stemningsfull julemusikk framført av våre dyktige lokale musikk krefter, samt allsong og eit ord for dagen med soknepresten. Kollekt til Fond for Kyrkjemusikk. Vel møtt!

Sortering EL-avfall kyrkjegardar og gravplassar i Fjaler

Vi har fått montert opp eigne rauda avfallsdunkar for el-avfall på kyrkjegardane og gravplassane i Fjaler. Desse er veggmontert på reiskapshus i Dale og Hellevik, på muren ved restavfallsdunk i Folkestad, og ved skjulet til vasskran i Guddal.



El-avfall skal ikkje i restavfallsdunkar, grunna brannfare mellom anna. Vi håper på ein god dugnad saman for at el-avfall blir trygt sortert vidare etter bruk på gravminnene.

Velkommen til Nadiia!

Vår nye kyrkjeterar og reinhaldar heiter Nadiia Vysochanska. Ein dag i sommar kom Nadiia inn på kyrkjekontoret og helste på oss. Vi gler oss over at det enda opp i at ho vart fast tilsett i 30% stilling hos oss. Nadiia har ansvar som kyrkjeterar under gravferder i Dale kyrkje, samt reinhald på Ljosheim og på kyrkjekontoret. Ho vil og fungere som vikar for kyrkjeterar elles i soknet etter avtale.



Vi ønskjer Nadiia velkommen i stabsfellesskapet vårt! Ta godt i mot henne.



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjeverja formidlar kontakt med Allan Nogva. Som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt!

BLADPENGAR – GÅVE TIL KYRKJEBLADET

kr 250 for dei som bur innan kommunen.
kr 300 for dei som får tilsendt bladet med frimerke
Bankkontonr: 3741.20.73135
Bladpengar
Vippsnummer: 557133

Kjekt å samlast i Folkestad

I innbydinga til hausttakkefestar i førre kyrkjebladet vart vi minna om at vi har mykje å takke for. Især om hausten, når årrets gode avling skal i hus. Folkestad var sist ute, og det vart ein gjevande søndag i ytre.

Atle Lyngstad Ness tekst og foto


Folkestad kapell var fint pynta til haustsamling. Fleire hadde teke med seg av eiga avling, og noko importert. Også dei fine fargane som hausten byr på, fekk sin plass. Konfirmantane tok del og til opning kom dei inn i prosesjon saman med sokneprest Knut Arne Kummeneje.

Dei som kanskje var mest spent av alle denne dagen, var dei tre 6-åringane som skulle få «Mi kyrkjebok». Dei hadde med seg søsken, foreldre og besteforeldre, ja, endåtil oldeforeldre ville ha med seg dette i storhendet. Nett slik kyrkja ønskjer det skal vere!

6-årsboka handlar om Nora som nett har begynt på skulen. Boka har mange forteljingar frå Bibelen, og sjølvsagt har dei kristne høgtidene jul, påske og pinse fått plass. Med boka følgjer eit arbeidshefte der borna kan vere kreative, fargeleggje og teikne.

Søstrene Våge kallar dei seg enno, endå om nokre etternamn er endra frå då dei begynte å spele gitar og syngje saman på søndagsskulen hos tante Amanda Våge. No er dei tre – Aud, Judith og Marit – tidlegare var også Arnhild oftast med når dei song på basarar og andre samlingar. To av dei bur der framleis, Marit, som også trakterer munnspelet, bur på Skilbrei.

Denne dagen gav dei først til beste ein amerikansk gospel «Thank you my lord for your blessings» (Redeemed Quartet) som tre brør i Nord Carolina skrev i 1954, men som tidlegare lærar i Våge, Hogne Kvangarsnes,



Koret i kapellet var fint pynta til hausttakkefest, med markens grøde og i fine fargar.



Henriette Sofie Strømberg og Tijan Olai Stølen hadde fleire oppgåver i gudstenesta, med dramatisering og som medhjelparar til presten.



Seksåringane hadde sett fram til dagen og fekk eeeeendeleg boka si, litt ut i gudstenesta. F.v. Mathias Lindland Herland, Ingvill Lutentun og Emil Myklebust Hauken.



Konfirmantane deltok i prosesjonen sammen med soknepresten.

på spørsmål fra Aud har omsett til nynorsk, med tittelen «Takk, gode Gud».

Dei tre framførde også «Tett ved sida mi går Jesus» med tekst av Halldis Reigstad, tonesett av Gunnstein Draugedalen og «Himmellosen» av Paul Karlstad og Hartvig Nilsen, og som Lise og Ludvig Karlsen på Evangeliesenteret har gjort kjend her.

Attåt prosesjonen tok to av konfirmantane, Henriette Strømberg og Tijan Stølen, del i gudstenesta med dramatisering og som assistentar til presten. Mark Taylor hadde god hand om orgelspelet, og etter gudstenesta samlast dei som ville til kyrkjekaffi bak i kapellet.




Søstrene Våge har vore med i kapellet mange gonger frå dei begynte å gå der når tante Amanda Våge hadde søndagsskule. F.v. Aud Torhill Våge Haugstad, Judith Helene Våge og Marit Grethe Våge Apneseth.

Sunnfjord Gravferdsbyrå



**Vi vil på beste måte hjelpe
dykk som pårørande,
med alt som høyrer ei
verdig gravferd til.**

Blomsterløftet AS • Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569



Bli med på trusopplæring!

For 2-åringane!

Laurdag 18. januar kl. 11.00–12.00 inviterer Kyrkja i Fjaler til eit opplegg for dei som har fylt 2 år. Alle 2-åringane i soknet blir invitert til ei samling på Ljosheim. Då skal vi syng songar frå *Mi Kyrkjebok 2*, og mellom anna lære nokre kveldssalmar. Elles skal dei få bli kjent med Krølle, det vesle lammet som gjekk seg bort.



Den store forteljinga!

I januar-februar 2025 vil vi invitere "minikonfirmantane" med på "Den store forteljinga" som handlar om Bibelen dei mange spennande forteljingane vi kan lese der. I år



blir det dei i Flikke og Dale som er født i 2014 som får innbyding, samt dei som er født i 2014, 2015 og 2016 i ytre Fjaler. Samlingane blir på Ljosheim i Dale og i Folkestad kapell.

Gudstenestene med utdeling av Teikneseriebibelen er

- Dale kyrkje søndag 2. februar kl. 11.00
- Guddal kyrkje søndag 2. februar kl. 14.00
- Folkestad kapell søndag 9. februar kl. 11.00

Gjennom desse samlingane håper vi borna vil lære mykje både om Bibelen og gudstenesta. Vel møtt!

KAK

Ver ein GT-agent!

I snart to tusen år har vi feira gudstenester. Menneske begynner sitt kristenliv ved å bli døypt i ei gudsteneste. Deltaking i og utbytte vert større med kjennskap til og forståing av innhaldet i gudstenestene våre.

GT-agentane er eit spennande opplegg om desse samlingane vi har i kyrkja som heiter «gudstenester». GudsTene = GT - Kom og utforsk gudstenesta vår som ein GT-agent!

Lær meir om dei faste songane som vi syng gjennom heile året og forteljingane frå bibelen som ligg bak dei.

- ? Visste du at vi syng på gresk i kyrkja?
- ? Kva heiter bursdagssongen til Jesus?
- ? Kven er Guds Lam?

Svara til desse og mange andre spørsmål vil sokneprest Knut Arne Kummeneje og kantor Mark Taylor gi deg gjennom leiteoppgåver, song, rørsler, rebus, forteljing og rollespel slik at du vil vere tryggare på det som skjer i gudstenestene våre og kvifor.

To samlingar

I Dale kyrkje for barn frå 4. klasse frå Dingemoen og Flikke skular.


Samling 1: Torsdag 27. februar kl. 11:45-13:00 for GT-agentane.

Samling 2: Søndag 2. mars kl. 11:00. Gudstene med GT-agentane og alle andre!

Vel møtt!

Mark Taylor

Kantor i Fjaler Visste du at "kantor" er latin og tyder "songar" på norsk?



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Kjemper for rettferd

Menneske er ein del av skaparverket og alle av oss treng rettferd – difor inkluderer handlingsplanen for vår grøne kyrkjelyd støtte til rettferds- og diakonalt arbeid, t.d. ved å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp, kyrkjene i Noreg sin organisasjon for internasjonal diakoni, som er til stades i Libanon, Gaza og Sudan, og jobbar hardt for å kome fram til dei som er hardest råka. Kirkens Nødhjelp er også engasjert i Ukraina, og kjem med denne julehelsinga:

Ei trygg hamn

UKRAINA: På flyktningssenteret til kyrkja Love of Christ møter vi 4 månader gamle Miran og mora Takhmina. Dei har vore i fangenskap og på flukt sidan krigen bratt ut for snart tre år sidan. Medan dei eldste barna leikar i portrommet utanfor, fortel Takhmina oss historia si, med Miran ved brystet.

Då russarane kom

Russarane kom så fort at familien ikkje rakk å flykte. Soldatar small opp døra heime hos henne, der ho sat åleine med barna. Dei neste ni månadene vart eit mareritt, der ho berre fekk oppleve dagslys ein einaste gong. Takhmina og

barna vart låste ned i kjellaren, medan soldatane slo seg ned i huset. Ho og barna torde ikkje gå ut. Ei bøtte vart toalettet til heile familien, rå poteter og innimellan nokre grønsaker var alt dei fekk å ete. Lukta var forferdeleg. Ein pensjonert nabo risikerte livet ved å levere drikkevatn til familien nokre gonger i veka.

Tryggleiken

Ukrainske styrkar klarte til slutt å ta tilbake området der dei budde. Nyleg kom ho til tilfluktsrommet i Mykolaiv der Kirkens Nødhjelp, saman med den lokale kyrkjelyden, har gjort bomberommet under kyrkja om til ein trygg heim for folk på flukt. Her finst senger, kjøken, dusj og aktivitetsrom for barn. Ei nydeleg lukt av borschtsuppe siv ut frå kjøkenet.
– For første gong på veldig lenge så vi no gjennom heile natta. Det er så stille og godt her, og det kjennest som vi har kome til ei trygg hamn.

Folk i kyrkjelyden og andre frivillige hjelper flyktningane med det dei treng. Takhmina og barna har hatt besøk av ein psykolog i dag tidleg, og jobbar no med å skaffa seg nødvendige papir, slik at dei kan få

sosialstøtte og kome seg vidare i livet.

– Det er Guds velsigning at vi klarte å kome oss levande hit til denne staden, seier Takhmina.

Både i Ukraina og i Noreg skal vi snart feire jul og minnast den natta Jesusbarnet vart fødd inn i ei verdi med fattigdom, forfølging og nød.

No, som då, er Gud midt i lidinga og nøda. Vi ser om og om igjen at menneske finn trøyst og håp i trua på noko som er større. Større enn oss sjølve, større enn forvilinga og større enn "her og no". Kirkens Nødhjelp samarbeider med kyrkjer og religiøse samarbeidspartnalar over heile verda. Vi har ein tilleggsverdi i vårt diakonale arbeid - trua på eit håp, og at alle menneske er like mykke verd. Det er vårt kall og vår oppgåve å kjempe mot nød og fattigdom. Saman med kyrkjene i Noreg reddar vi liv, byggjer sterke lokalsamfunn og kjemper for rettferd - kvar dag.

Juleoffer på Julaftan i Folkestad, Guddal og Dale går til Kirkens Nødhjelp.

MT

Viss du ikkje har høve til å kome til julegudstenesta på julaftan:

SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR: Vipps eit valfritt beløp til **2426** Send **GAVE** på SMS til **2426** og gje 300 kroner. Gåvekonto: **1594.22.87248**

Og be bøna frå bispedømerådet:
Vi ber for Kirkens Nødhjelp og alle andre som er til stades med hjelp. Ver nær dei som bidreg til at menneske blir sette og får mat og vatn, og som jobbar under vanskelege tilhøve. Hjelp oss å dele våre ressursar, til å forplikte oss til kjærleik og medkjensle, og til å kjenne att Guds andlet hos kvart einaste menneske som lid. Amen.



Foto: Håvard Bjelland, Kirkens Nødhjelp

160-åringen held seg godt

24. november 1864 vart ny kyrkje i Dale teken i bruk.
Den tredje i rekka, så langt vi veit. Den har såleis
160-årsjubileum i desse dagar.

Atle Lyngstad Ness

Ein månad før julekvelden i 1864 song dei slik i nyekyrkja i Dale, til tonen frå Lover den Herre:

«O, Herre Jesus, du
som her nyt Hus har oss bygget,
Hytte med Vandskyl og ly,
imod Heden beskygget.
Lov være dig!
Hver Dag din Miskund er rig!
Himlen av din Lov er vugget»

Vi veit ikkje kven arkitekten var, men byggmeister J. A. Øvsthus frå Hosaner på Osterøy hadde ansvaret for reising av bygningen, med totalt 550 sitteplassar når galleria over såvel preste- som dåpssakristiet vart teke i bruk.

Kyrkja vår er kjend for særskilt god akustikk og såleis veleigna både til song og musikk. Under restaureringa til 100-årsmarkeringa i 1964, fekk veggane att sin trekvite farge, etter å ha vore måla gulbrune i 1905. Innvendig er kyrkja sidan halden mest i grått og grønt, og den er etterisolert i golv og tak og har fått montert innvendige, isolerande vindauge.

Altertavla, ei av dei største i Sunnfjord, måla Anders Askevold i Paris, og den har motiv frå Jesu oppstode, med tekst frå Johs. 11,25: «Eg er Opstandelsen og Livet, hvo som tror på mig, om han end dør, skal han dog leve».

På venstre side framme i skipet heng også den gamle altartavla, ei renessansetavle frå kring 1620. Men i motsetning til «tvillingen» i Holmedal kyrkje, er tavla vår ikkje restaurert.

Vi fekk som kjent nytt orgel i 1983, og eit fint, nytt konsertpiano for eit par tre år sidan. Sidan vi fekk heiltidstilsett organist i 1979, har kyrkja hatt både barnekor og kyrkjekor heile tida.

Endå om vi ikkje er åleine om å ønske større kyrkjesøknad, bør det vere eit mål å få større oppslutning om samlingane i kyrkja. Det er ikkje lagt opp til stor markering av 160 år, sjølv om runde dagar er verd å nemne og hugse på, både for menneske og kyrkjer.

Nyleg har vi teke i bruk desse nye lesepultkleda, som soknepresten fortel nærmare om.



Den 160 år gamle kyrkja ligg fint til ned mot Storelva.
Foto: Odd J. Kjørstad



I samband med restaureringa til 100-årsjubileet i 1964 fekk veggane igjen den trekvite fargen etter å ha vore gulbrune i 60 år. Sidan har interiøret vore halde i grønt og grått, ein god kombinasjon til eit fint kyrkjerom. Foto: Atle Lyngstad Ness

«Neimen ikkje verst»

29. september hadde kantor Mark Taylor den første av tre konsertar som markerer 30-årsjubileet hans i Fjaler. Først ut var Dale kyrkje, der eit hundretals tilhøyRARAR, utanom aktørane, var samla. Dei fekk godt betalt for ein time i kyrkja denne kvelden.

Atle Lyngstad Ness

At sindige sunnfjordingar tek i bruk ord som «heilt utruleg», «kjempeflott» og «fantastisk» om noko dei opplever, høyrer nyare tider til. Før var det meir vanleg å nøye seg med «ditta va' kje verst» eller om maten - «eg ha' smakt da verre» Då var det i realiteten gode greier.

Mark Taylor har vore her i 30 år, og Knut Arne Kummeneje i 29 år. Så då er dei vel for gode sunnfjordingar å rekne. Begge to. I alle fall viste Knut Arne seg som det i takketalen til Mark etter konserten: «No har du Mark vore organist her i 30 år. Det er neimen ikkje verst!»

Utsegna femner mykje – både at det er godt gjort å vere 30 år på ein arbeidsplass. Men det ber også i seg noko om at dei 30 åra har gitt



Ein dryg times konsert krev både konsentrasjon og koordinasjon fra den som spelar. Denne gongen fekk publikum også oppleve organisten på storskjerm frå kyrkjebenken, noko dei opplevde som eit pluss.



Mange nyttet høvet til å takke Mark Taylor etter jubileumskonserten i Dale kyrkje. Mellom dei Jofrid Eikerol Løseth som helsa frå Cantus, og Knut Arne Kummeneje som bar fram helsing og takk frå kyrkjelydane i Fjaler.

kyrkjelydane mykje å vere takksame for.

- Mange kjenner deg som ein fyr som spelar orgel. Men også den som prøver å imøtekommne ønske frå familiene i bryllaup og gravferd. Når dei har ønske om musikk som er viktig for dei, men som ikkje finst i salmeboka, så prøver du så langt råd er å innfri ønske. Du legg for dagen stor allsidigheit, sa Knut Arne.

Han valde å streke særleg under den sida av arbeidet til Mark som vi kanskje ikkje tenker så mykje på når vi sit i kyrkjebenken og høyrer fingrar og føter danse over tangentar, manualar og pedalar – at han har vore hovudarkitekt i arbeidet med å innføre ny liturgi. Ikke berre i Fjaler, men i heile prostiet. Mark har lagt arbeid i å finne salmar som passar til dagens tekst, og tenkt kvalitet heile vegen.

- Du har lært og gitt oss mykje. Vi har hatt mange kjekke stunder her med deg. Det takkar vi deg for og ønskjer lukke til vidare, sa Knut Arne mellom anna.

I konserten hadde Mark med seg kora Cantus og Dekor, Dalsfjorden Spelemannslag og Dale Musikkorps på fellesnummeret «Dalsfjordbrura» komponert av felespelar Svein Bakkebø frå Straumsnes, og arrangert av Kåre Sandvik. Det vart både

opnings- og eitt av ekstranummera, med Hanne Heia Dybvik som dirigent. Mark spelte også frå «Toccata og fuge d-moll» av J. S. Bach som ekstranummer.

På det oppsette programmet elles stod musikk av Johann Sebastian Bach, Charles Villiers Stanford, William Spark, William Wolstenholme, Thomas James Crawford og Garth Edmundson. Litt for ein kvar smak, frå det vare og rolege til det meir virtuose.

Nytt for kvelden var det sett opp kamera på galleriet, slik at publikum ikkje berre høyrde musikken, men kunne følgje Mark utfalde seg på orgelkrakken på storskjerm frå kyrkjebenken.

Ein slik time krev både konsentrasjon og koordinasjon på høgt plan. Det gjekk fint, og dei som kan sin Jakob Sande, drog kanskje ein aldri så liten parallellell til organisten frå «Musa i orgelet» - han som var sprek som ein orre på topp.

Mange i publikum nyttet høvet til å takke Mark for kvelden og åra. Kollega Sabina Baylarbayova takka, det same gjorde Jofrid Eikerol Løseth på vegner av Cantus, for kjekke stunder og alt du har lært oss.

KYRKJEÅRET, FARGAR OG DAGANE

Kvit var i urkristen tid den dominante fargen i kyrkja. Men etter kvart kom det til fleire liturgiske fargar, og i dag har vi fire; kvit, raud, grøn og fiolett.

Kvit – fargen for Kristushøgtidene, fest og glede

Fiolett – fargen for førebuing, bot og sorg

Raudt – fargen for Anden og kyrkja, blod, eld, martyrium og kjærligkeit

Grønt – fargen for vekst og livskraft

Dei liturgiske fargane på spesielle dagar

Kvit: Maria bodskapsdag, Jonsok, Mikkelsmesse, Allehelgensdag, Treeiningssøndag

Fiolett: Bots- og bønedag

Raudt: Stefanusdagen (2. juledag), Aposteldagen

(6. søndag i treeiningstida), Olsok (Olavsdagen)

Grønt: Hausttakkefest, Skaparverksdagen, 1. mai, 17. mai, Samefolkets dag (6. februar)

Andre merkedagar

lysmesse, Luciadagen (13. desember), Kyndelsmesse (2. februar), Jonsok (24. juni), Reformasjonsdagen (31. oktober)


Dei liturgiske fargane ved kyrkjelege handlingar

Dåp: kvitt eller fargen for kyrkjeårstida

Konfirmasjon: raudt, kvitt eller fargen for kyrkjeårstida

Vigsel: kvitt

Gravferd, skriftemål og sørgegudsteneste: fiolett



Lesepult-kleda i Dale kyrkje

Symbol

Rundt oss er det mange symbol. Eit symbol er ein ting eller eit teikn som viser til noko anna enn det eigentleg er. Symbol blir ofte brukt til å uttrykke ting som kan vere vanskeleg å seie med få ord. Det er mange forskjellige symbol i kristendommen. Denne gongen har vi fokus på symbola på lesepultkleda i Dale kyrkje.



Det fiolette lesepultkledet

Fiolett er botsfargen fordi den er ein blanding av raud, kjærleik, og blå, sanning. Blått er himmelmens farge. Derfor symboliserer blått sanning. Både advent, faste og bønedag har i den kristne kyrkja ein sterk appell til å ha eit personleg tilhøve til Gud.

Det er blitt vanleg i heimane å bruke ein adventsstake med fire lys, der eit nytta lys blir tent kvar søndag i adventstida. Og lysa er fiolette slik adventstida er. På det fiolette lesepultkledet i Dale kyrkje er adventslysa kvite, kanskje fordi lysa i kyrkjene ofte er kvite. Kvite er teiknet på heilagdom og reinleik. I kristendommen er krossen det mest brukte og det sterkeste symbolet. Krossen er eit symbol på frelse, og det minner om at Jesus døyde, at han sigra over døden.

Stola er eit langt og smalt klede som blir

bore av prest, kateket, diakon og kantor under gudstenester og andre liturgiske handlingar. Den er teikn på vigsla teneste. Prestar har rettstilt stola, mens dei andre ber skråstilt stola. Stolaen har kyrkeåret sine liturgiske fargar.

Stolaen kan også forståast som eit teikn på Kristi åk, det vil seie den kjærleikens teneste som den vigsla tek på seg i fellesskap med Kristus. Når stolaen heng på tverrbjelkane på krossen i det fiolette lesepultkledet, er det eit teikn på det åket, den børa Jesus tok på seg ved å døy, og tok plassen til syndarar.

Det fiolette lesepultkledet i Dale kyrkje har også ein glorie som omkransar øvste del. Glorien om Kristi hovud fekk tidleg eit spesielt kjenneteikn: ein kross blei teikna saman med glorien. Glorien signaliserte at Kristus er «ei utstråling av Guds herlegdom» (Hebr 1,3)

Den latinske krossen er i dag mest vanleg som symbol for dei vestlege kristne kyrkjesamfunna. Tverrbjelken er kortare enn den ståande bjelken. Krossen fortel om Kristi liding og sigurrike død. Det er denne forma som er mest brukt i kyrkja vår, og den hører til dei eldste krossformene vi kjenner.



Det kvite lesepultkledet

I det kvite lesepultkledet i Dale kyrkje finn vi Guds hand, som er blant dei

vanlegaste antropomorfismane i Bibelen, og det var også den einaste måten ein torde å framstille Faderen på i oldkyrkja. Handa er blant dei eldste og mest vanlege symbola på Gud. Den fortel oss at Gud alltid er hos oss. Hans hand blir rekt til oss for å vere nær, hjelpe og leie oss på rett veg.

I det kvite lesepultkledet i Dale kyrkje er handa plassert inne i ein ring. Ringen er æve-symbolet. Ein sirkel har same symbolikk. At ringen er symbolet på æve har sin grunn i at det ikkje har nokon byrjing eller slutt. Og handa peikar på den første og siste bokstaven i det greske alfabetet, Alfa og Omega, byrjinga og slutten. Dei framhevar Kristus som den første og den siste. (Op21,6)



Det grøne lesepultkledet

Grønt er vårens farge. Vi tenker på kistenlivets vekst og modning. Sånn sett er den håpet sin farge. I Johannes openberring 4,3 blir det fortalt at Johannes får sjå Gud i majestetisk ro på trona si og rundt trona også ein

regnboge, av farge som «smaragd», det vil seie grøn.

Krossen sin stamme kunne vore malt grøn. Det skulle då fortelje om livstreet frå Edens Hage, med det håp og liv som knyter seg til Kristus.

Her kan ein sjå ein drueklase (Jesu blod) på den eine sida, og eit kornband eller kornaks (Jesu kropp) på den andre sida. Mellom desse symbola er det eit Kristus-monogram. Nattverdens sakrament er her representert i og gjennom Kristus. Kristus-monogrammet ser ut som ein X og ein P som er lagt oppå kvarandre. På gresk er dette teikna for K (chi) og R (rho), og dannar dei to første bokstavane i namnet Kristus.



Det raudde lesepultkledet

Raudt blir stundom treeiningsfargen fordi den skal minne om ein treeinig Gud som kan knytast til guddommens

tre personar: 1 Guds kjærleik (Så høgt har Gud elsko verda, at han gav Son sin. Joh 3, 16) – 2 Kristi blod – 3 Andens eld.

At raudt er kjærleiken sin farge kjem sjølv sagt av at det er hjartefargen. Olsok og 2. juledag, Stefanus-dagen, den første kristne martyr, minner altså raudt om Kristi blodvitne som gav sitt liv for evangeliet. Tanken er at 1. juledag skal vere gåva, barnet i Betlehem, medan 2. juledag skal vere oppgåva, at den som har motteke det store, skal vere villig til og med å gi sitt liv, om nødvendig.

Det eigenlege symbolet for Den Heilage Ande er ei kvit due. Den viktigaste symbolske betydning fekk

dua då Jesus blei døypt, og Den Heilage Ande kom ned som ei due. Eld kan, som Anden, også vere eit symbol for Guds nærvær. Då Moses førte Israelsfolket gjennom ørkenen, gjekk Gud kvar natt framfor dei som ei eldsøyle. Gud viste seg også for Moses i form av ein brennande busk.

På den første pinsedagen kom Den Heilage Ande og sette seg som eldtunger på hovuda til apostlane. Dua og elden, som vi ser i det raude lesepultkledet i Dale kyrkje, er altså symbol på Den Heilage Ande. Dua er, saman med krossen, dei einaste kristne symbola som vert brukt i alle dei kristne kyrkjene.

Knut Arne Kummeneje

Takk til Atle!

Dei siste åra har Atle Lyngstad Ness gjort teneste i kyrkja som kyrkjetenar. I tillegg har han vore engasjert i konfirmantarbeidet og trusopplæringa der han særleg har stått for matserveringa i samlingane. Vi er veldig takksame for det arbeidet han har gjort som har vore av stor betydning for kyrkja, dei tilsette, og mange fleire, ikkje minst born og unge. Tusen takk!



TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKEN
SOS



Barnas



Fargelegg!

Teikning:
Chiara Bertelli



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00



Finn fem feil


Her fortel Gabriel Maria at ho skal bli mammaen til Jesus. Dei to biletene er nesten helt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Finn 10 gutenamn

Leit bortover og nedover. Finn du alle?

K	E	Y	J	E	S	U	S	J	N
A	K	S	E	L	T	S	S	O	I
E	S	P	E	N	H	A	T	H	S
R	M	O	R	T	E	N	K	A	A
L	J	Y	M	T	O	D	D	N	K
I	F	V	C	T	D	E	W	N	A
N	K	S	K	K	K	O	R	K	E
G	R	H	U	J	R	Q	A	S	M
O	U	X	J	P	J	W	P	I	E
F	D	Z	T	H	O	R	O	T	A



Kva
høne har
ikkje fjør?
Svar:
Marihøna

Vits



Labyrint

Kan du hjelpe Maria å
finne vegen til Elisabet?

Teikning: Chiara Bertelli



Søndagsskolen - mer enn du tror

Juleverset - Eit lite barn (salme 30)

Denne julesalmen er kalla for juleverset i norsk tradisjon og er faktisk eit vers frå den førreformatoriske julesongen frå 1400-t, Dies est laetitiae. Artig at den gamle melodien til juleverset lever vidare i salmeboka vår som tonen til høgtidsverset for pinse, 228 Du loge av Guds kjærleikseld, mens juleverset «Eit lite barn» syng vi til ein norsk folketone frå Stangvik i Nordmøre, men folketonen er faktisk ein godt pynta variant! Edvard Bræin skreiv ned folketonen i første hefte av hans Folkemusikk nedtegnet i Nordmøre i 1928.

Martin Luther kjende julesongen og sa i ein av julepreikene sine over Jes 9,6: «Av denne teksten er den skjøne songen teken, som ein no syng i jula: Eit lite barn.» Han nemna den også i gudstenesteordninga si Formula missae i 1523.

Den danske forfattaren Grundtvig gjendikta juleverset i 1837. Landstad omarbeida verset til salmeboka si, men det var ikkje før Salmer 1997 at vi fekk den nynorske omsetjinga frå 1995 av salmediktaren Jan Ove Ulstein, født i Ulsteinvik, men som har arbeidd som dosent i teologi ved Høgskulen i Volda.

Dette enkelte juleverset inneheld



likevel hovudbodskapen i jula:
Jesus, fødd av ei jomfru, er vår Gud
fødd som eit barn, vår frelsar.

Så frelsargjerninga, Joh 3,16, i
negativ form – om ikkje Gud hadde
blitt menneske, ville kvar og ein gå
fortapt.

Og til slutt vårt svar: Vi takkar Jesus
at han vart eit menneske, fullt og heilt
som oss, og ber han om å frelse oss i
sin nåde.

Som vi hører på 1. juledag i Joh 1:
Og Ordet vart menneske og tok

bustad mellom oss.
Og vi såg hans herlegdom, full av
nåde og sanning.

*Eit lite barn, med frydeskrik,
er fødd for oss her nede
ut av ei møy, så nåderik,
vår Gud, som barnet spede.
Om ikkje han bar manndom rein,
vi gjekk fortapte, kvar og ein,
då måtte helvet råde.
Vi takkar deg, du Jesus Krist,
at menneske du vart for visst.
Å, frels oss i din nåde.*

MT

ALVÆRVIK CONTAINERSERVICE AS

- Containerutleige 8 m³ – 35 m³
- Vi tar på oss alt av transportoppdrag
- Vi hentar alt av stålskrap

90 20 11 00

CONTAINERUTLEIGE • rune.container@gmail.com



Samarbeid om ny kyrkjelyds-pedagog-stilling!



Sokneråda i Askvoll, Hyllestad og Fjaler har inngått samarbeid om å opprette ei kyrkjelydspedagog/kateket/-stilling.

Samarbeidet gir Askvoll 40% av stillinga, Hyllestad og Fjaler 20% av stillinga kvar. Vi skulle helst hatt ei 100% stilling, men 80% blir tilbydd fast.

Kva gjer ein kyrkjelydspedagog? Kyrkjelydspedagog har ansvar for kyrkjeleg undervisning, eller trudsopplæring/dåpsopplæring som og blir brukt som kjente ord, for barn og unge mellom 0-18 år. Dette skjer i samarbeid med stab elles, frivillige, foreldre, barna og ungdomane. Vi vil med dette styrke møteplassane for barn og unge slik einkjenner det i kvart sokn i dag, og utvikle møteplassane slik det er naturleg.

Vi arbeider for at dette skal vere ei attraktiv stilling, med høg trivsel og gode arbeidstider. Sjå utlysinga i ei anna side i kyrkjebladet, og oppmøde personar du gjerne vil ha inn i stillinga til å søke.

Dette blir bra!

LJOSHEIM TILBYR MULTIMEDIA I MØTEROM/SALAR

Fjaler sokneråd har investert i multimedieutstyr til møtesalane. Med dette er alle tre møterom og salar klargjort for møter og konferanser frå 1-110 personar.

Ljosheim har universelt uformet inngangsparti med automatisk døröpnar i hovudplan, og trinnfri tilkomst i underetasje. Det er handikaptolett i begge etasjer. Teleslynge tilbyr vi pr i dag ikkje.

Underetasje:

Matsal: Bordsetting for inntil 110 personar. 2 x 85tommar tv-skjermar med hdmi 1/blåtann -tilknytning. Høgtalar i rom og trådlaus mikrofon er under vurdering. Hovudkjøkken i huset ligg i tilknytning til denne salen.

Hovudplan:

Småsal: Møterom for inntil 11 personar rundt møtebord. 1 x 75tommar tv-skjerm m/hdmi 1/ blåtann-tilknytning + 2-vegs konferanse fr teamsmøter. 6 sitteplassar til i sofagruppe.

Tv-skjerm står på hjul og kan skråstilla for å vere synleg i heile rommet. Minikjøkken m/ mikro og oppvaskmaskin.

Storsal: Møterom for bordsetting inntil 60-65 personar. Sitteplassar uten bord ca 90. LED-prosjektor i tak, trådlaus mikrofon og 4 høgtalarar i rom. Konferanseutstyr for teamsmøte er mobilt frå småsal.





DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll, Fjaler og Hyllestad kommunar, med til saman over 7000 innbyggjarar, omkransar fagre Dalsfjorden i vakkert kystlandskap. Det er gode kommunikasjonar sørover til Bergen (ca. 2,5 t) med to daglege ekspresjonsbåtavgangar sørover, forutan bussforbindelse og kort veg til Førde med bil/buss (ca. 1 t).

Ledig stilling: KYRKJELYDSPEDAGOG Inntil 80% stilling

Sokna i Askvoll, Fjaler og Hyllestad har inngått eit nytt samarbeid om felles pedagog til den kyrklege undervisninga for barn og unge frå 0-18 år i samarbeidsområdet. Stillinga er ledig for snarleg tiltreding, og den som vert tilsett vil få ei leiande rolle i realisering og vidareutvikling av dei vedtekne planane i sokna. Kyrkjelydspedagogen vil utføre arbeidet sitt i samarbeid med lokalt trusopplæringsutval i soknet, styringsgruppa for stillingssamarbeidet, sokneprest, kantor/organist og andre lønna og ulønna medarbeidrarar.

Det er om lag 940 kyrkjemedlemer i aldersgruppa 0-18 totalt i sokna. Plan for den kyrklege undervisninga er vedteke i alle sokna, men ikkje alle tiltaka er innfasa enno.

Hovuddelen av trusopplæringsstiltaka vil vere lokalisert i kommunenesentraene med Askvoll kyrkje, Dale kyrkje/ Ljosheim og Hyllestad kyrkje. Lokala her er godt eigna for trusopplæringsaktivitetar, med mellom anna multimediautstyr, fleksibel møblering, kjøkkenfasilitetar m.v. Det er jamt over svært god oppslutning (over 80% i fleire av trusopplæringsstiltaka) i sokna. For nærmere informasjon om sokna og om undervisningstilbodet til barn og unge, sjå:

www.askvoll.kyrkja.no
www.kirken.no/fjaler/
www.hyllestad.kyrkja.no

Arbeidsoppgåver:

- Fylgje opp og vidareutvikle lokale planar for den kyrklege undervisninga i soknet
- Saman med trusopplæringsutvala og styringsgruppa ansvar for at tiltaka i trusopplæringsplanane vert gjennomførte.
- Delta i gudstenester knytt til trusopplæringa.
- Delta i arbeid blant born og unge.
- Rekruttere og inspirere ulønna medarbeidrarar.
- Profilere trusopplæringsarbeidet i ulike medier.
- Rapportering.

Vi ynskjer ein person som:

- Har interesse og engasjement for kyrkleg arbeid for born og unge.

- Har minimum 3-årig høgare utdanning med pedagogikk og/eller kristendom i fagkrinsen. Manglande utdanning kan kompenseras med relevant erfaring.
- Har kjennskap til Den norske kyrkja si verksemd.
- Har gode kommunikasjonsevner og norskunnskapar og erfaring med sosiale medier.
- Kan arbeide sjølvstendig og systematisk.
- Har personlege eigenskapar som gjer ein skikka for stillinga (engasjement, kreativitet, formidlings- og samarbeidsevne).

Opplysningsar om stillinga:

- Løn etter kvalifikasjonar etter gjeldande tariffavtale i KA sitt tariffområde.
- God pensjonsordning i KLP.
- Kyrkjeverja i verftselsrådet er nærmeste overordna for stillinga.
- Fast kontorplass på kyrkjekontoret i Askvoll eller Dale sentrum i triveleg kollegafellesskap saman med sokneprest, kantor/organist, kyrkjesekretær og kyrkjeverje.
- Ein må rekne med noko arbeid på kveldstid og i helgar.
- Søkjar må vere medlem av Den norske kyrkja.
- Søkjar må disponere bil (skyssgodtgjersle).
- Den som vert tilsett må levere tilfredsstillande politiattest.
- Oppstart i stillinga: 1. februar eller etter avtale.

For nærmere opplysningsar om stillinga, ta gjerne kontakt med: Kyrkjeverja i Fjaler: Jostein Bildøy telefon 951 91 332, eller e-post: JB286@kyrkja.no

Kyrkjeverja i Askvoll: Rune Ziener telefon 918 74 724, eller e-post: rz459@kyrkja.no

Søknad med CV og kopi av vitnemål og attestar kan sendast på e-post eller post til: rz459@kyrkja.no

Askvoll sokn
Postboks 14
6988 Askvoll

Søknadsfrist: 5. januar 2025

Baby- og småbornssong på Ljosheim

Frå januar 2023 overtok eg babysong i Dale, etter Guri Høstaker Nordheim. Heilt frå den tid til i dag har vi hatt mange veldig gode samlingar, der både born og vaksne har dde det veldig kjekt i lag med oss og kvarandre.

Babysong er eit tiltak for born frå nyfødde til eitt år. Vi har to samlingar i månaden, annankvar mandag.

Frå hausten 2023 kom ideen om å fortsette med born som hadde vore på babysong, men som var begynt i barnehagen. Då starta vi småbornssong, som er eit fint tiltak for dei mellom 1 og 3 år.

Det er utruleg fint å sjå korleis småbarna gjenkjenner og reagerer på songane dei først fekk høre på babysong

Vi inviterer også andre syskjen i familien som har lyst å vere med.

Samlingane er ein gong i månaden, siste laurdag i kvar månad. Datoane blir endra om det er påske eller pinse.

Åsa Øvrebø Stav hjelper meg å drive både babysong og småbornssong, og nokre fine bilder frå samlingane våre viser kor kjekt vi har det i lag.

Sabina Baylarbayova



VELKOMEN TIL KYRKJE

Søndag 1. desember

Dale kyrkje kl. 19.00: Lysmesse. Konfirmantane, Ungdomskoret og Dale barnekor deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Mandag 2. desember

Dale kyrkje kl. 18.00: Julekonsert med "Julesong": Einar Bolstad, Kari Malmanger og Gunn Kvaale. Billetsal på <https://julesong.no/>. I år er songarane i Julesong tilbake saman med erfarne musikarar som Inge Ronny Kvåle på strengeinstrument, Bjørn Tore Årøy på tangentar, Gjest Kvåle på gitar, John Børge Askeland på bass, og Trond Øyre med lyd- og lysdesign. Konsertane som garanterer julestemning og gåsehud er sett saman av songar som høver til advents- og førjulstida.

Søndag 8. desember

Guddal kyrkje kl. 16.00: Lysmesse. Konfirmantane og Guddalskoret deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Dale kyrkje kl. 17.00: Julekonsert med Førde kammerkor. Ave Maria med fokus på Mariamusikk. Dirigent: Asbjørn Flåm. Solist: Helen Tyssekvam. Piano: Noemi Utasi. Billetsal.

Folkestad kapell kl. 19.00: Lysmesse. Konfirmantane og vaksensonggruppa deltek. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 15. desember

Dale kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste. Solosong v/ Ragnhild Høgseth Felde. Kyrkjekaffi. Offer til Redd Barna.

Guddal kyrkje kl. 19.30: Julekonsert og 30-årsjubileumskonsert med Mark Taylor (orgel), allsong og korsong v/ Guddalskoret. Kollekt til Fond for kyrkjemusikk.

Søndag 17. desember

Dale kyrkje kl. 19.00: Den store julekonserten med lokale medverkande. Kollekt til Fond for kyrkjemusikk.

Julaftan

Folkestad kapell kl. 11.00: Offer til Kirkens Nødhjelp.

Guddal kyrkje kl. 13.30: Guddalskoret deltek. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Dale kyrkje kl. 16.00: Dale Barnekor deltek. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Juledag

Dale kyrkje kl. 12.00: Høgtidsgudsteneste med Cantus og Dale musikkorps. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Nyårsaftan

Dale kyrkje kl. 16.00: Solosong v/ Anne Marte Ospedal Haugen. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 12. januar

Folkestad kapell kl. 11.00: Solosong v/ Annika Tveit. Landy Bakke fra NMS deltek. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Straumsnes grendahus kl. 13.30: Landy Bakke fra NMS deltek. Kyrkjekaffi. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Søndag 19. januar

Dale kyrkje kl. 11.00: Ungdomskoret deltek. Kyrkjekaffi. Offer til Sjømannskyrkja – Norsk kyrkje i utlandet.

Søndag 26. januar

Folkestad kapell kl. 19.00: Syng med oss – Allsangkveld med kjende og kjære salmar. Kveldsmat. Offer til Folkestad bedehuskapell.

Søndag 2. februar

Dale kyrkje kl. 11.00: Familiegudsteneste med utdeling av bibelen. Minikonfirmantane og Dale barnekor deltek. Kyrkjekaffi. Offer til IKO – Kirkelig pedagogisk senter.

Guddal kyrkje kl. 14.00: Familiegudsteneste med utdeling av bibelen. Guddalskoret deltek. Kyrkjekaffi. Offer til IKO – Kirkelig pedagogisk senter.

Søndag 9. februar

Folkestad kapell kl. 11.00: Familiegudsteneste med utdeling av bibelen. Minikonfirmantane deltek. Offer til IKO – Kirkelig pedagogisk senter.

Søndag 16. februar

Dale kyrkje kl. 11.00: Solosong v/ Marie Skadal. Kyrkjekaffi. Offer til Kirkens Bymisjon Bergen

Søndag 2. mars

Familiegudsteneste: GT-agentane og Dale barnekor deltek. Kyrkjekaffi. Offer til Redd Barna.

Søndag 9. mars

Guddal kyrkje kl. 11.00: Guddalskoret deltek. Kyrkjekaffi. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Folkestad kapell kl. 14.00: Solosong v/ Marthe Eimind. Kyrkjekaffi. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Søndag 16. mars

Dale kyrkje kl. 11.00: Cantus deltek. Kyrkjekaffi. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Søndag 30. mars

Dale kyrkje kl. 11.00: Ungdomskoret syng. Kyrkjekaffi. Offer til SOS Barnebyer.

Folkestad kapell kl. 14.00: Song v/ Søstrene Våge. Kyrkjekaffi. Offer til SOS Barnebyer.

Søndag 6. april

Dale kyrkje kl. 19.00: Samtalegudsteneste med konfirmantane fra heile Fjaler. Offer til Kirkens Nødhjelp – Fasteaksjonen.

Tysdag 8. april

Dale kyrkje kl. 19.00: Solidaritetskonsert med Kulturskulen, Ungdomskoret og UVWC. Kollekt til Kirkens Nødhjelp - Fasteaksjonen.

Sjekk www.kyrkja.no/fjaler, facebook.com/FjalerKyrkja
Eller sjå «Det skjer» i Firda på nett for oppdatert informasjon

Vi har ein lang tradisjon i Fjaler med tekstslesarar i gudstenestene. Dette er ei særskilt viktig oppgåve.

Tekstslesaren les bibeltekstar og andre tekstar, og er ein viktig støttespelar for presten og kyrkjelyden. Viss du har lyst til å melde deg som tekstslesar, ta kontakt med kyrkjekontoret.

I kyrkjelyden sidan sist

Vigde

Guddal

19.04.2024 Aina Hugøy og Ivar Hovlandsdal

Dale10.08.2024 Margrethe Vagstad og Jan Fredrik Størksen
07.09.2024 Beate Christin Oen og Ronny Johannessen**Døypte****Dale**

04.08.2024	Henrik Viken
	Jacob Skår
	Theodor Sowerby Anthun
	Sanna Tømmerbakke Åsnes
	Synne Ness Haug
25.08.2024	Vega Solheim Haugsbakk
	Sander Mortensbakke Strand
22.09.2024	Heine Aven Myklebust
	Olav Arstein Myklebust
	Mathea Ulvik Solstad
	Erle Høydal Ramstad
	Ane Hatlebrekke Norddal
06.10.2024	Tian Ullebø Breidvik
	Lone Solås
20.10.2024	Emilio Rakneberg Hæggernæs

Guddal25.08.2024 Even Kalstad
Lovise Kalstad**Døde****Dale**

15.09.2024	Kjartan Olav Strand	f. 1961
25.09.2024	Einar Leiv Nybø	f. 1941
17.10.2024	Hilda Haugen	f. 1933
20.10.2024	Bjørn Reinhardt Buttedal	f. 1944

Guddal

09.10.2024 Ida Hovlandsdal f. 1929

Folkestad

25.10.2024 Trond Andre Furset f. 1970



Kyrkja i Fjaler er på Facebook:
www.facebook.com/FjalerKyrkja

**Kyrkjeblad for Fjaler**

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 250 / 300 for året.**Redaktør:** Knut Arne Kummeneje og Hildegunn Helleset**Prent:** Printfarm AS**fjaler.kyrkjeblad@gmail.com****Kyrkja i Fjaler**www.kyrkja.no/fjaler

Fjaler sokn

Dalsvegen 105A

6963 Dale i Sunnfjord

Tlf. 40 50 94 52

post.fjaler@kyrkja.no

**Kyrkjekontoret er ope**Tysdag, onsdag og torsdag
kl. 09.00–14.00**Tilsette med kontorplass:****Sokneprest Knut Arne Kummeneje**

mobil: 908 55 230

kk824@kyrkja.no

Kyrkjeverje Kristin Kalstad (permisjon)**Vikar verje: Jostein Bildøy**

mobil: 951 91 332

Jb286@kyrkja.no

Kantor Mark Taylor

jobb: 40 50 94 52, mobil: 975 13 449

mt884@kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

Sekretær Hildegunn Helleset

jobb: 40 50 94 52, mobil: 909 60 321

hh696@kyrkja.no

Kyrkjetenarar:**Dale kyrkje**

Gravferd: Nadiia Vysochanska tlf.: 909 57965

Gudsteneste: Oddbjørn Bjordal tlf.: 482 49547

Guddal:

Anne Brit Mo tlf.: 950 21 424

Kontaktperson Folkestad kapell: Randi

Fretland tlf.: 909 57 857

Vedlikehald av Hellevik og Folkestad**gravplassar** Jostein Folkestad tlf.: 913 41493**Fjaler sokneråd****Leiar Trude G Høgseth Felde** tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

Vipps #899129 Ljosheim

Kontonr. Fjaler sokn: 3741 07 14567

Kontonr. Ljosheim : 3741 20 36701

Julegudstjenester 2024



JULAFATAN

Folkestad kapell kl.11.00

Guddal kyrkje kl.13.30

Dale kyrkje kl.16.00

Juleoffer til Kirkens Nødhjelp

1. JULEDAY

Dale kyrkje kl.12.00

Offer til NMS

NYTTÅRSAFTAN

Dale kyrkje kl.16.00

Offer til kyrkjelydsarbeidet

INFORMASJON

Avsender: Fjaler kyrkjekontor

Dalstunet, Dalsvegen 105a

6963 Dale i Sunnfjord

God jul!